

# Tilsynsrapport



Statens strålevern  
Norwegian Radiation Protection Authority

Delvis unnateke offentlegheit, jf. § 24 i offentleglova  
(unnateke tekst markert i raudt)

Vår ref.: 10/00008

Sakshands.: Ingeborg H. Grimstad

Dato: 28. juni 2018

## Tilsyn hjå Roxar Flow Measurement AS - forhandlar av strålekjelder

### 1. Innleiing

Statens strålevern gjennomførte 14.05.18 tilsyn hjå Roxar Flow Measurement AS i samband med verksemda si godkjenning som forhandlar av strålekjelder med godkjenningsnummer GR04-04.

Ivar Torgilstveit og Ole Dahl var til stades frå Roxar Flow Measurement AS. Tilsynet vart utført av Tone-Mette Sjømoen, Håvar Sollund og Ingeborg Hovde Grimstad frå Strålevernet.

### 2. Aktuelt regelverk

- Lov 12. mai 2000 nr. 36 om strålevern og bruk av stråling (strålevernloven).
- Forskrift 16. desember 2016 nr. 1659 om strålevern og bruk av stråling (strålevernforskriften).
- Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften).
- Enkeltvedtak frå Statens strålevern – godkjenning GR04-04

Tilsynet vart gjennomført med heimel i strålevernloven § 18, strålevernforskriften § 60 og internkontrollforskriften § 7.

### 3. Bakgrunn, omfang og gjennomføring

Tilsynet vart gjennomført som ein del av Strålevernet si rutinemessige tilsynsverksemd, med mål om å kontrollere korleis krav i aktuelle regelverk blir implementert. Temaet for tilsynet var strålevernorganisering, stråleverninstruksar og –prosedyrar, strålevernkompetanse, persondosimetri, beredskapsøving, samt lagring og sikring av radioaktive kjelder.

Tilsynet omfatta spørsmålsrunde med representantar for verksemda, gjennomgong av relevante dokument og synfaring med inspeksjon av utstyr og lokalar.



Tilsynet var lagt opp på følgende måte:

- Innleingsmøte med informasjon om målet med og omfanget til tilsynet, samt korleis tilsynet skulle gjennomførast.
- Roxar Flow Measurement AS ga ein kort presentasjon av verksemda, inkludert skildring av kva ein endra marknadssituasjon for oljenæringa gjer for bruken av strålekjelder. Vidare vart rutinar for opplæring av personell som handterer radioaktive kjelder gjennomgått.
- Diskuterte strålevernkoordinator sine oppgåver og roller i verksemda, og rutinar for varsling og beredskap.
- Gjennomgjekk verksemda si oversikt over strålekjelder, og registrering av desse i Strålevernet sitt elektroniske meldesystem.
- Gjennomgjekk sikringstiltak relatert til lagring og transport av radioaktive kjelder.
- Omvising på bygget, inkludert inspeksjon av kjeldelageret.
- Avslutningsvis vart hovudkonklusjonar frå tilsynet lagt fram, og informasjon om vidare saksong vart presentert.

#### 4. Inntrykk og observasjonar

Hovudintrykket etter tilsynet er at strålevernet er godt ivaretatt i verksemda, og at kjeldene er godt sikra. Nokre observasjonar frå tilsynet:

- Roxar Flow Measurement AS har godkjenning som forhandlar av strålekjelder (godkjenning GR-04). I tillegg har verksemda v/ Roxar Emerson Process Management AS godkjenning for bruk av maskin for elektronstrålesveising (godkjenning GH08-09).
- Ivar Torgilstveit er strålevernkoordinator for verksemda, medan Ole Dahl arbeider med kvalitetssystem og HMS. Dei har begge gjennomført eit strålevernkurs på 3 dagar. Torgilstveit si rolle som strålevernkoordinator utgjer ca. 10 % av stillinga hans. Det er ca. 6-8 tilsette i verksemda som arbeider med strålekjelder. Alle desse har gjennomført internt kurs innan strålevern.
- Det er lite utskifting av personale i verksemda. Dei tilsette arbeider i team av to personar per ansvarsområde. Ved ferieavvikling er alltid éin av dei på jobb.
- Måleinstrumenta til verksemda kalibrerast årleg.
- I Strålevernet sitt elektroniske meldesystem (EMS) er det registrert to brukarar for Roxar; éin for avdelinga i Bergen, og éin for Stavanger.

#### 5. Funn under tilsynet - avvik og merknadar

##### 5.1. Definisjonar

- Avvik – manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

- Merknad – forhold som er naudsynt å peike på, men som ikkje omfattast av definisjonen for avvik.
- Kommentar – brukast for å forklare eller underbygge avvik eller merknadar.

## 5.2. Avvik

**Avvik 1:** Det elektroniske meldesystemet (EMS) er ikkje oppdatert.  
**Heimel:** Strålevernforskriften § 13  
**Kommentarar:** Det er ikkje samsvar mellom talet på kjelder registrert i EMS og kjelder på lager. Verksemda må ha rutinar for å gjennomgå og rydde i meldingane i EMS. Elektronsveisemaskin må òg meldast inn i EMS.

**Avvik 2:** Manglande merking av EWB-maskin.  
**Heimel:** Strålevernforskriften § 22  
**Kommentarar:** Elektronsveisemaskin er ikkje merka med fareskilt for ioniserande stråling.

## 5.3. Merknadar

**Merknad 1:** Prosedyre for varsling og handtering av uhell bør førast inn i generell arbeidsprosedyre.  
**Heimel:** Internkontrollforskriften § 5 og strålevernforskriften §§ 19 og 20  
**Kommentarar:** Prosedyrane skal vere lett tilgjengelege for dei tilsette som arbeidar med stråling, skal forklare korleis relevante hendingar eller uhell skal handterast, og bør innehalde aktuelle kontaktpunkt internt og eksternt (til dømes telefonnummer til Strålevernet si døgnvakt). Det skal ikkje vere naudsynt for dei tilsette å leite gjennom fleire tekniske prosedyrar for å finne prosedyre for uhellshandtering.

**Merknad 2:**  
**Heimel:**  
**Kommentarar:**

## 6. Oppfølging etter tilsynet

Om de har kommentarar til eventuelle faktafeil under punkt 4 i tilsynsrapporten, ber vi om at desse blir sendt oss innan 10.08.2018. Tilsynsrapporten vil bli offentleggjort på Strålevernet sine nettsider etter denne fristen. Vi ber også om ei skriftleg tilbakemelding på avvika gitt under punkt 5.2. Om ikkje stadfesting om at avvik 1 er retta og dokumentasjon på at avvik 2 er retta er oss i hende innan 31.08.18, vil det bli gitt pålegg om utbetring.



Med helsing

Sindre Øvergaard  
Seksjonssjef

Ingeborg Hovde Grimstad  
Rådgjevar